



Ørskog Sparebank

- *tid til deg*

Delårsrapport 3. kvartal 2022



Resultat

Aktivitetsnivå


Kapital og likviditet



- 6 mill bedre totalresultat enn i fjor
- Vekst i provisjonsinntekter
- Auka rentenetto



- Stigande rentenivå og inflasjon
- God kjernedrift og stabil aktivitet
- 12 mnd. vekst i utlån 9,19 %
- 12 mnd. vekst i innskot 15,88 %



- God likviditetssituasjon. LCR på 230 %
- Utskreven evigvarande fondsobligasjon kr. 40 millioner
- Misleghald og tap på låge nivå

Delårsrapport 3. Kvartal 2022.

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 22,188 mill. kr. pr. 30.09.2022. Dette utgjer ein auke på 3,07 mill. kr. mot 30.09.2021. Kvartalet er prega av god vekst i utlån og innskot. Rentenettoen er på 1,91 % og prega av stigande pengemarknadsrente og betre margin på bankinnskot. Banken sine provisjonsinntekter aukar og den underliggende bankdrifta er solid. Banken sin balanse syner ei rein kjernekapitaldekning på 17,82 %.

Resultatrekneskapan

Kvartalsrekneskapan er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. og banken nyttar rekneskapsspråket IFRS.

Ørskog Sparebank har pr. 30.09.2022 eit resultat før skatt og tap på 30,932 mill. kr. Resultat før tap og skatt var pr. 30.09.2021 på 24,560 mill. kr.

Resultat etter tap og skatt er pr. 30.09.2022 22,188 mill. kr. samanlikna med 19,115 mill. kr. året før, noko som er ei betring på kr. 3,07 mill. kr.

Etter at utbytte frå Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS er fastsett i generalforsamlinga og utbetalt er aksjekursane justert, og den nye verdsettinga gir eit kurstap over utvida resultat.

Det utvida resultatet enda difor på 24,770 mill. kr. samanlikna med 18,738 mill. kr. for tilsvarande periode i 2021.

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av Sjøholt Næringsbygg AS som igjen eig næringsbygget i Sjøholt sentrum. Selskapet er eit eigeomsselskap med ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Datterselskapet har ingen tilsette og selskapet si verksemd er vurdert som ubetydeleg. Det er difor banken sine tal som er kommentert i kvartalsrapporten. Konserntal er tatt med i dei notane der det er aktuelt

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter vart 46,962 mill. kr. mot 37,911 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2021. Dette utgjer 1,91 % av GFK, mot 1,67 % i fjor. Rentenettoen har styrka seg siste året grunna stigande marknadsrenter og ei re-prising av banken sine produkt. Norges Bank auka styringsrenta med 0,5 % poeng i september, og banken har følgd opp med ei renteheving på

både utlån og innskot. Prisjusteringa er venta å gi ein positiv effekt på rentenettoen.

Netto provisjonsinntekter er 15,623 mill. kr. mot 15,261 mill. kr. pr. 30.09.2021. Banken jobbar aktivt med rådgjeving knytt til person- og skadeforsikringar, for å avdempe risiko for lånekundane. Den høge aktiviteten ut mot kundane har gitt auka porteføljevekst som bidreg til at provisjonsinntektene stig. Banken erfarer låg skadeprosent som er venta å gje auka provisjonar i tida framover.

Grunna stigande marknadsrenter og auka kredittpåslag er marginen på bustadlån i Eika Boligkreditt svekka markant, noko som gir lågare provisjonsinntekter frå området i kvartalet. Banken ventar framleis stigande marknadsrenter framover, og er budd på at provisjonsinntektene frå Eika Boligkreditt vil svekke seg ytterlegare i noko tid framover.

Styret er totalt sett nøgd med veksten i inntekter som utviklar seg i samsvar med banken sin strategiplan.

Driftskostnader

Driftskostnadene aukar med 3,073 mill. kr. og utgjer 33,364 mill. kr. mot 29,489 mill. kr. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,36 % mot 1,30 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjer 54,47 % pr. 30.09.2022 mot 56,9 % pr. 30.09.2021.

Ørskog Sparebank vedtok i desember 2021 at ein skal skifte IT system saman med dei andre bankane i Eika Gruppen. Skiftet er planlagt gjennomført i juni 2023, men banken kostnadsfører løypande førebuande aktivitetar og prosjektkostnader til TietoEvry.

Dei siste åra har det vore ei betydeleg auke i krava til dokumentasjon i høve styring og kontroll av banken si drift. Dette krev auka ressursbruk og er kostnadsdrivande for banken.

Banken arbeider kontinuerleg for å ta ned kostnader gjennom å auke effektiviteten på arbeidsprosessar, og styret følgjer tett opp kostnadsutviklinga.

Tapskostnad

IFRS9 har medført eit strengare krav til å gjere tapsavsetnader før dei faktiske tapa faktisk kjem. Heile låneportefølja skal fordelast på 3 risikosteg, noko som gir ei føring for kor stor tapsavsetnader som banken må ta.

Samla tapskostnad pr. 30.09.2022 er 2,961 mill. kr. samanlikna med 2,042 mill. kr. i fjor. Dette utgjer 0,10 % av brutto utlån. Tapskostnaden skuldast i liten grad konstaterte tap på utlån, sidan banken aukar avsetnadane i steg 3 for å ta høgde for framtidig mogleg misleghald.

Pr. 30.09 er usikkerheita knytt til dei langsiktige makroøkonomiske effektane av inflasjon og rentehevingar høg. I det korte biletet er arbeidsløysa låg og etterspurnaden etter varer og tenester god. Men ei høgare styringsrente har til hensikt å kjøle ned aktiviteten i økonomien, og det er framleis uvisst i kva grad dette vil slå ut i form av stigande arbeidsløysa grunna minka konsum.

Under fallet i oljeprisen i 2014 og i gjennom Covid-19 utbrotet viste banken si låneportefølje seg å vere robust, og kundane synte ei evne til omstilling som ikkje ga store utfordringar knytt til tap eller misleghald. Styret er difor av den oppfatning at ein forventar at framtidige kredittap – gitt dei føresetnadane som er lagde til grunn – vil bli moderate.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjer 3,414 mrd. kr. mot 3,087 mrd. kr. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Utlåna i banken sin balanse utgjer 2,937 mrd. kr. og er ein auke på 286,153 mill. kr. sidan i fjor. Banken nyttar Eika Boligkreditt til å finansiere nye bustadlån. Inklusive desse låna, er samla auke i dei totale låna på 315,199 mill. kr. Dette utgjer ein auke på 9,19 % samanlikna med fjoråret. Totale utlån er no på 3,743 mrd. kr. om ein inkluderer bustadlån som er plassert i Eika Boligkreditt.

Banken har hatt ein vedvarande stabil vekst, særleg frå personkundemarknaden. Veksten kjem i all hovudsak frå banken sin geografisk definerte hovudmarknad. Marknadsposisjonen er sterk, og

kundane kjem på referansar frå eksisterande kundar som er nøgd med servicenivå og tenestetilbod.

Tidleg i 2. kvartal braut krigen i Ukraina ut, noko som ga seg utslag i høg usikkerheit og ei avventande haldning hos bustadkjøparar. Stigande råvareprisar på byggemateriell har gitt redusert aktivitet på marknaden for bygging av nye bustader. Låg aktivitet i denne marknaden har ført til stigande bustadprisar i den lokale brukmarknaden.

Styret er nøgd med utlånsveksten, som utviklar seg i samsvar med banken sine budsjett.

Kredittforringa kundar

Banken har eit lågt omfang av lån i restanse og overtrekk. Pr. 30.09.2022 er det berre eitt einskild låneengasjement som har stått i overtrekk meir enn 30 dagar. I volum utgjer dette låneengasjementet 0,0047 % av banken si totale låneportefølje.

Portefølja med kredittforringa kundar utgjer 23,796 mill. kr. og med unntak av låneengasjementet nemnt over er samlege kredittforringa kundar à jour med sine betalingsplanar.

Banken sin kredittpolicy, kompetente rådgjevarar og eit lågt rentenivå er viktige forklaringar til det låge volumet. Styret er nøgd med porteføljekvaliteten og det arbeidet banken legg ned for å overvake kreditttrisikoen.

Etter styret si vurdering er kredittkvaliteten på banken sine kundar jamt over god, og portefølja synes godt rusta for stigande renter og auka kostnadar grunna inflasjon.

Innskot

Banken sine innskot har auka med 335,916 mill. kr. siste 12 mnd., og utgjer no 2,450 mrd. kr. Dette er ein auke på 15,88 %. Innskotsdekninga er på 83,42 % pr. 30.09.2022 mot 79,75 % pr. 30.09.2021.

Eit stigande rentenivå gir auka interesse for bank sparing som aktivaklasse, og har ført til ei betring i banken sin rentenetto.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjer 376,181 mill. kr. Banken si obligasjonsportefølje utgjer 276,957 mill. kr. Netto verdiendring og vinst på verdipapir er på – 44,6 mill. kr. pr. 30.09.2022.

Ørskog Sparebank kjøpte i 1. kvartal 84.851 aksjar i Eika Gruppen AS i ein rebalanseringsprosess, som følgje av at Lokalbankalliansen har solgt sine aksjar. Banken sin eigarandel auka frå 0,34 % til 0,67 %. Banken har i kvartalet bokført eit utbytte frå Eika som er 2,541 mill kr. høgare enn førre år grunna den nye eigarandelen.

Styret vurderer investeringa i aksjane som eit viktig strategisk kjøp for å styrke og vidareutvikle Eika i lag med dei andre bankane i alliansen. Verdsettinga av aksjane i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt gir akkumulert sett eit kurstap som blir ført på utvida resultat/andre inntekter og kostnader sidan banken nyttar verdsettingsprinsippet «verkeleg verdi over utvida resultat» på aksjane. Kurstapet nullar ut utbytteinntekta som blir inntektsført over ordinært resultat.

Finansiering

Banken har obligasjonslån på til saman 250 mill. kr. Vidare har banken lån i Kredittforeininga for sparebankar (KfS) på til saman 175 mill kr.

Størsteparten av desse har 1–3 års løpetid. Låna har kvartalsvis renteregulering knytt til 3 mnd. Nibor, og ein jamn forfallsstruktur. Banken har i tillegg ein oppgjerskreditt på 160 mill. kr i DNB som nyleg er fornya. Banken har også innskot hos Noregs bank på 72,335 mill. kr.

Banken skreiv i august ut ein evigvarande fondsobligasjon på 40 mill. kr. for å sørge for styrke banken sin kjernekapital. Obligasjonen har innløysingsrett etter 5 år under gitte vilkår og visast under eigenkapital i balansen.

Eigenkapital og avkastning

Banken har i 3. kvartal aktivert massemarknad for personkundemarknaden i høve kapitaldekkingsregelverket, noko som har gjort at berekningsgrunnlaget har minka med 56,560 mill. kr.

Banken sin ansvarlege kapital er kr. 380,457 mill. Kapitaldekninga er på 22,57 % pr. 30.09.2022 mot 21,49 % pr. 30.09.2021. Banken sin reine kjernekapital er på kr. 300,457 mill. noko som gir ei kjernekapitaldekning er ved utgangen av perioden på 17,82 % mot 19,02 % i fjor. Utrekninga er eksklusiv resultat for rekneskapsåret hittil.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt er på 8,93 % mot 7,25 % pr. 30.09.2021.

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kredittrisiko

Sum restanse og overtrekk innanfor personkundemarknaden har minka i kvartalet, og er på eit lågt nivå. Styret har gått gjennom misleghaldne engasjement og vurdert dei individuelle og gruppevise nedskrivningane. Banken sine lån til næringslivet utgjer 23 % av samla utlån på eigen balanse. Både landbruk, personlege selskap m.m. er inkludert i denne andelen. Størsteparten av låneporteføljen er sikra med pantesikkerheit i fast eigedom. Banken ser på no auka risiko for stigande arbeidsløyse som følgje av den makroøkonomiske situasjonen der ein ventar eit lågare konsum og lågare etterspurnad særskilt innanfor varehandelen og tilknytte bransjar.

Styret er nøgd med det låge totalvolumet av misleghaldne lån i portefølja med kredittforringa lån. Styret vurderer kredittrisikoen i banken til å vere klart innanfor dei grenseverdiane ein har sett i dei interne styringsmåla og kredittpolicyen.

Likviditetsrisiko

Banken si utlånsportefølje har ei relativt lang restløpetid, medan innskot frå kundar kan takast ut utan oppseiing.

Styret vurderer likviditetsrisikoen til å vere låg, men følger framleis tiltaka banken har iverksett for å betre innskotsdekning nøye. Nye utlån til personkundemarknaden blir i all hovudsak finansiert ved å nytte bustadkreditselskapet Eika Boligkreditt AS.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

Marknadssituasjonen gir som nemnt tidlegare i rapporten ei rekke økonomiske effektar for samfunnet som vil verke inn over tid. Kring oss ser vi stigande renter, auka inflasjon og lønsvekst men samstundes låg arbeidsløyse og høg kapasitetsutnytting.

Dei aukande marknadsrentene har styrka banken sin rentenetto, men det er framleis stor konkurranse om kundane, både når det gjeld utlån, innskot og forsikring. Styret meiner banken har ein sunn utlånsvekst, og vurderer at

marknadsposisjonen er styrka gjennom den siste tida.

Styret vurderer at det er stor uvisse knytt til det generelle aktivitetsnivået og den lokale bustadmarknaden i nær framtid. Lite nybygg og få bustader på marknaden driv opp prisane på dei få brukte bustadane som er til sals. Høge energikostnader, stigande rente og generell inflasjon vil føre til et meir avdempa forbruk frå forbrukarar. Denne uvissa preger også korleis arbeidsledigheita og konkursfaren vil utvikle seg. Samstundes vinn banken nye kundar og tar marknadsandelar i refinansieringsmarknaden,

grunna ei langsiktig satsing på god kundeservice og tilgjengelege rådgjevarar. Banken har så langt ikkje hatt ein merkbar auke i etterspurnad etter avdragsutsetjingar. Auka rentekostnader vil føre til lågare tilgjengelig likviditet for forbrukarar og verksemdar, og styret følgjer nøye denne utviklinga.

Resultatet for 2022 vil bli vesentleg betre enn i 2021. Strategien om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, venter styret at banken vil kunne oppretthalde ein god marknadsposisjon både i 2022 og framover.

Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og dagleg leiar har den 29.10.2022 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 3. kvartal for Ørskog Sparebank per 30.09.2022. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtydning, er delårsrekneskapen for 3. kvartal 2022 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskap standardar. Vi meiner at opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 30.09.2022.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtydning gjev delårsrekneskapen for 2. kvartal ein rettvisande oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter vår beste overtydning gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 29.10.2022

Torstein L. Stavseng
Styreleiar

Arne Jan Sollied
Nestleiar

Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem

Siw Pek
Tilsette sin repr.

Ingunn Fladmark
Styremedlem

Hans Fr. Furstrand
Styremedlem

Eirik Kavli
Banksjef

Resultatregnskap

Resultat Morbank	Note	3. kvartal isolert		3. kvartal	3. kvartal	Året
		2022	2021	30.9.22	30.9.21	31.12.21
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>						
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		26.437	17.208	68.940	51.502	70.335
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		1.559	454	3.594	1.507	2.137
Rentekostnader og lignende kostnader		10.341	4.853	25.572	15.098	20.643
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		17.655	12.809	46.962	37.911	51.829
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		5.391	5.747	15.623	15.261	21.549
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		676	692	1.766	1.845	2.351
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		29	18	4.794	2.453	2.870
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 9	-554	-86	-1.754	-186	965
Andre driftsinntekter		141	153	436	454	606
Netto andre driftsinntekter		4.330	5.140	17.333	16.138	23.640
Lønn og andre personalkostnader		6.369	5.199	17.214	14.594	20.086
Andre driftskostnader		4.577	3.971	14.994	13.500	19.409
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		382	459	1.156	1.395	1.830
Sum driftskostnader		11.327	9.629	33.364	29.489	41.325
Resultat før tap		10.658	8.320	30.932	24.560	34.143
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	901	491	2.961	2.042	3.602
Resultat før skatt		9.757	7.829	27.971	22.517	30.541
Skattekostnad		2.421	310	5.783	3.402	6.926
Resultat av ordinær drift etter skatt		7.337	7.520	22.188	19.115	23.615

<i>Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner</i>						
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger		0	0	0	0	-2.404
Verdiendring egenkapitalinstrument	Note 9	3.644	1.804	2.581	-377	1.002
Skatt		0	0	0	0	601
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		3.644	1.804	2.581	-377	-801

Totalresultat		10.980	9.324	24.770	18.738	22.813
----------------------	--	---------------	--------------	---------------	---------------	---------------

Resultat - Konsern	Note	3. kvartal isolert		3. kvartal	3. kvartal	Året
		2022	2021	30.9.22	30.9.21	31.12.21
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>						
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		25.856	16.655	67.252	49.842	68.115
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		1.559	454	3.594	1.507	2.137
Rentekostnader og lignende kostnader		10.340	4.853	25.200	15.098	20.643
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		17.074	12.255	45.647	36.251	49.609
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		5.391	5.747	15.623	15.261	21.549
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		676	692	1.766	1.845	2.351
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		29	18	4.794	2.453	2.870
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 9	-554	-86	-1.754	-186	965
Andre driftsinntekter		1.268	1.227	3.792	3.676	3.363
Netto andre driftsinntekter		5.457	6.214	20.690	19.360	26.396
Lønn og andre personalkostnader		6.369	5.199	17.214	14.594	20.086
Andre driftskostnader		4.977	4.326	15.945	14.564	19.580
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		853	930	2.570	2.809	3.716
Sum driftskostnader		12.199	10.455	35.729	31.967	43.382
Resultat før tap		10.332	8.015	30.607	23.644	32.624
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	901	491	2.961	2.042	3.602
Resultat før skatt		9.431	7.524	27.647	21.602	29.021
Skattekostnad		2.421	291	5.783	3.346	6.926
Resultat av ordinær drift etter skatt		7.011	7.233	21.864	18.256	22.095

<i>Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner</i>						
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger		0	0	0	0	-2.404
Verdiendring egenkapitalinstrument	Note 9	3.644	1.804	2.581	-377	1.002
Skatt		0	0	0	0	601
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		3.644	1.804	2.581	-377	-802

Totalresultat		10.654	9.038	24.445	17.879	21.293
----------------------	--	---------------	--------------	---------------	---------------	---------------

<i>Resultat etter skatt</i>						
Majoriteten sin andel av resultatet i perioden		7.096	7.308	22.045	18.480	22.392
Minoriteten sin andel av resultatet i perioden		-85	-75	-182	-224	-297

<i>Totalresultat</i>						
Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden		10.739	9.112	24.627	18.103	21.590
Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden		-85	-75	-182	-224	-297

Balanseoppstilling

Balanse - Eiendeler Morbank

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	30.9.22	30.9.21	31.12.21
Kontanter og kontantekvivalenter		76.467	76.329	76.284
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker		9.801	10.602	26.560
Utlån til og fordringer på kunder til virkelig verdi		53.867	0	51.217
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6	2.876.186	2.645.513	2.622.585
Rentebærende verdipapirer	Note 9	276.957	266.600	254.271
Finansielle derivater		107	5	47
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 9	99.223	64.942	66.604
Varige driftsmidler		11.442	12.492	12.057
Andre eiendeler		10.286	11.112	10.863
Sum eiendeler		3.414.337	3.087.596	3.120.488

Balanse - Gjeld og egenkapital Morbank

<i>Tall i tusen kroner</i>		30.9.22	30.9.21	31.12.21
Innlån fra kredittinstitusjoner		223.025	250.807	224.855
Innskudd fra kunder		2.450.692	2.114.776	2.170.290
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 10	251.086	300.465	300.597
Finansielle derivater		263	283	283
Annen gjeld		14.297	16.681	12.458
Pensjonsforpliktelser		3.899	2.938	3.899
Forpliktelser ved skatt		6.207	4.739	7.225
Andre avsetninger		1.899	2.057	1.937
Ansvarlig lånekapital	Note 10	40.162	40.087	40.105
Sum gjeld		2.991.530	2.732.833	2.761.650
Opptjent egenkapital		360.396	335.648	358.838
Fondsobligasjonskapital		40.223	0	0
Periodens resultat etter skatt		22.188	19.115	0
Sum egenkapital		422.808	354.763	358.838
Sum gjeld og egenkapital		3.414.337	3.087.596	3.120.488

Balanse - Eiendeler - Konsern

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	30.9.22	30.9.21	31.12.21
Kontanter og kontantekvivalenter		76.467	76.329	76.284
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker		9.801	10.602	26.560
Utlån til og fordringer på kunder til virkelig verdi		53.867	0	51.217
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6	2.835.532	2.603.459	2.580.881
Rentebærende verdipapirer	Note 9	276.957	266.600	254.271
Finansielle derivater		107	5	47
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 9	90.723	56.442	58.104
Varige driftsmidler		59.007	61.943	61.035
Andre eiendeler		11.619	12.331	11.667
Sum eiendeler		3.414.082	3.087.711	3.120.066

Balanse - Gjeld og egenkapital - Konsern

<i>Tall i tusen kroner</i>		30.9.22	30.9.21	31.12.21
Innlån fra kredittinstitusjoner		223.025	250.807	224.855
Innskudd fra kunder		2.448.758	2.112.064	2.167.838
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 10	251.086	300.465	300.597
Finansielle derivater		263	283	283
Annen gjeld		14.819	17.368	13.007
Pensjonsforpliktelser		3.899	2.938	3.899
Forpliktelser ved skatt		6.207	4.739	7.225
Andre avsetninger		1.899	2.057	1.937
Ansvarlig lånekapital	Note 10	40.162	40.087	40.105
Sum gjeld		2.990.118	2.730.808	2.759.747
Opptjent egenkapital		359.356	335.872	357.616
Fondsobligasjonskapital		40.223	0	0
Periodens resultat etter skatt		21.864	18.256	0
Ikke kontrollerte interesser		2.521	2.776	2.703
Sum egenkapital		423.964	356.903	360.319
Sum gjeld og egenkapital		3.414.082	3.087.711	3.120.066

EIGENKAPITALOPPSTILLING

Morbank	<u>Innskutt egenkapital</u>		<u>Opptjent egenkapital</u>		Sum egenkapital
	Fonds-obligasjon	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster		
<i>Tall i tusen kroner</i>					
Egenkapital 31.12.2021		350.157	8.681		358.838
Resultat etter skatt		22.188	0		22.188
Estimatavik pensjon		-2.404	2.404		0
Endring i utsatt skatt estimatavik		601	-601		0
Verdiendring tilgjengelig for salg		0	2.581		2.581
Totalresultat 30.09.2022	0	20.385	4.384		24.770
Utbetaling av gaver			-800		-800
Utstedelse av ny hybridkapital	40.000				40.000
Egenkapital 30.09.2022	40.000	369.742	13.065		422.808
Egenkapital 31.12.2020		326.542	9.483		336.025
Overgang til IFRS					
Egenkapital 31.12.2020	0	326.542	9.483		336.025
Resultat etter skatt		19.115			19.115
Verdiendring tilgjengelig for salg			-377		-377
Totalresultat 30.09.2021	0	19.115	-377		18.738
Egenkapital 30.09.2021	0	345.657	9.106		354.763

Konsern	<u>Innskutt egenkapital</u>		<u>Opptjent egenkapital</u>			Sum egenkapital
	Fonds-obligasjon	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Minoritet		
<i>Tall i tusen kroner</i>						
Egenkapital 31.12.2021		348.934	8.681	2.703		360.318
Resultat etter skatt		22.045		-182		21.864
Estimatavik pensjon		-2.404	2.404			0
Endring i utsatt skatt estimatavik		601	-601			0
Verdiendring tilgjengelig for salg			2.582			2.582
Totalresultat 30.09.2022	0	20.242	4.385	-182		24.446
Utbetaling gaver			-800			-800
Utstedelse av ny hybridkapital	40.000					40.000
Egenkapital 30.09.2022	40.000	368.376	13.066	2.521		423.964
Egenkapital 31.12.2020		326.542	9.483	0		336.025
Resultat etter skatt		18.480		-224		18.256
Verdiendring tilgjengelig for salg			-378			-378
Totalresultat 30.09.2021	0	18.480	-378	-224		17.878
Salg av aksjer i datterselskap til ikke kontrollerende interesser				3.000		3.000
Egenkapital 30.09.2021	0	345.022	9.105	2.776		356.903

NØKKELTAL

	3. kvartal	3. kvartal	Året
<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2022	2021	2021
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	54,47 %	56,95 %	57,69 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	23,33 %	26,79 %	27,65 %
Innskuddsmargin hittil i år	0,80 %	-0,07 %	0,03 %
Utlånsmargin hittil i år	1,64 %	2,29 %	2,22 %
Netto rentemargin hittil i år	1,91 %	1,67 %	1,69 %
Egenkapitalavkastning ¹	8,93 %	7,25 %	6,57 %
¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	21,83 %	21,92 %	22,71 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	25,97 %	27,28 %	28,55 %
Innskuddsdekning	83,42 %	79,75 %	80,93 %
Innskuddsvekst (12mnd)	15,88 %	2,64 %	3,81 %
Utlånsvekst (12 mnd)	10,79 %	4,11 %	3,42 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	9,19 %	9,25 %	8,33 %
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK)	3.281.218	3.028.965	3.059.333
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	4.104.302	3.739.298	3.794.771
Nedskrivninger på utlån og mislighold			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittlig brutto utlån	0,14 %	0,11 %	0,56 %
Tapsavsetninger i % av brutto utlån	0,26 %	0,23 %	0,30 %
<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2022	2021	2021
Likviditet			
LCR	230	170	166
NSFR	139	140	143

NOTE 1 – Generell informasjon

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund.

Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog .

Banken har notert obligasjonsgjeld på Nordic ABM på Oslo børs. Banken har ikkje utsendt fondsobligasjonar eller eigenkapitalbevis.

Denne regnskapsrapporten gjelder frå 01.januar til 30.sept 2022. Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, om ikkje anna er oppgitt.

Rekneskapen for 3. kvartal 2022 ble godkjend av styret 29.10 2022.

NOTE 2 – Rekneskapsprinsipp

Delårsrapport pr. 30. sept 2022 er utarbeidt i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og årsrekneskapsforskrifta. Delårsrapporten skal lesast med relasjon til siste årsrapport pr 31.12.2021.

Delårsregnskapet er ikkje revidert og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i soliditets berekninga.

Dei same rekneskapsprinsipp og berekningar er følgd i delårsregnskapet som i siste årsregnskap, med unntak av IFRS 16 samt ny misleghaldsdefinisjon i IFRS 9 som begge er tatt i bruk frå og med 2021. Desse er nærmare forklart under

Tall i noter er angitt for bank viss ikkje anna er presisert i den enkelte note.

Ein viser til årsrapporten for 2021 for ytterlegare beskriving av IFRS 9 og øvrige rekneskapsprinsipp.

NOTE 3 – Dotterselskap / Tilknytt selskap

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av aksjane i Sjøholt Næringsbygg. Eigarskapet er eit resultat av ei restrukturering som var ferdig i 2021 der kapitalutviding samt konvertering av gjeld til eigenkapital vart gjennomført. Dette vart gjort for å ta vare på verdien som ligg i ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Banken har ikkje intensjon om å vere langsiktig eigar i eigendommen.

NOTE 4 – Transaksjoner med nærstående parter

Innskot og utlån, samt transaksjoner mellom nærstående har same vilkår som overfor eksterne tredjepart.

	30.09.2022	30.09.2021
Renteinntekter	1688	1660

Balansposter

Eiendeler:

Utlån	40.654	42.054
Ubenyttet kreditt	0	0
Garantier	0	0

Gjeld:

Innskudd fra kunder	1.934	2.712
Kortsiktig gjeld	0	0

NOTE 5 – Kredittforringa engasjement

Mislighold over 90 dager

	3. kvartal 2022	3. kvartal 2021	Året 2021
Brutto misligholdte engasjement - personmarkedet	4.435	6.659	4.127
Brutto misligholdte engasjement - bedriftsmarkedet	0	4.162	4.668
Nedskrivninger i steg 3	-484	-1.334	-2.543
Netto misligholdte engasjementer	3.950	9.486	6.252


Andre kredittforringede

	3. kvartal 2022	3. kvartal 2021	Året 2021
Brutto andre kredittforringede engasjement - personmarkedet	7.592	11.065	14.111
Brutto andre kredittforringede engasjement - bedriftsmarkedet	12.357	7.422	6.712
Nedskrivninger i steg 3	-3.577	-1.748	-2.396
Netto andre kredittforringede engasjement	16.371	16.738	18.426

NOTE 6 – Fordeling utlån kundar

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	3. kvartal 2022	3. kvartal 2021	Året 2021
Landbruk	75.377	31.267	61.822
Industri	27.389	21.725	21.481
Bygg, anlegg	72.982	71.766	78.225
Varehandel	75.562	73.456	76.201
Transport	8.004	9.520	9.124
Eiendomsdrift etc	318.347	326.916	304.253
Annen næring	63.690	46.501	57.852
Sum næring	641.350	581.153	608.958
Personkunder	2.296.421	2.070.465	2.072.635
Brutto utlån	2.937.771	2.651.618	2.681.593
Steg 1 nedskrivninger	-1.254	-1.452	-1.004
Steg 2 nedskrivninger	-2.519	-1.576	-1.863
Steg 3 nedskrivninger	-3.945	-3.076	-4.924
Netto utlån til kunder	2.930.053	2.645.513	2.673.802
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	805.729	776.683	828.385
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	3.735.783	3.422.197	3.502.187



NOTE 7 – Nedskrivninger

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unyttet kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheita for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit fort misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg blir gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringar i nedskrivninger og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttet kredittar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders forventede kredittap i steg 1 til kredittap over forventede levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivninger ved utsending av nye utlån, unyttet kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivninger ved frårekning av utlån, unyttet kredittar og garantiar.
- Auke eller minkinga i nedskrivninger som skuldast endringar i inputvariablar, andre føresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

30.09.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2022	255	681	1.357	2.293
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	12	-100	-83	-171
Overføringer til steg 2	-20	250	0	230
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Endringer som følge av nye eller økte utlån	74	0	0	75
Utlån som er fraregnet i perioden	-50	-142	-280	-472
Konstaterte tap				0
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-60	14	126	80
Andre justeringer	253	111	0	365
Nedskrivninger personmarkedet pr. 30.09.2022	464	814	1.120	2.399
30.09.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	1.962.106	92.294	18.236	2.072.635
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	19.426	-16.790	-2.636	0
Overføringer til steg 2	-72.579	72.579	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	676.119	16.832	11	692.962
Utlån som er fraregnet i perioden	-434.030	-31.561	-3.552	-469.143
Konstaterte tap				-34
Brutto utlån til personmarkedet pr. 30.09.2022	2.151.041	133.354	12.026	2.296.421
30.09.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2022	749	1.182	3.505	5.436
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	72	-381	0	-309
Overføringer til steg 2	-126	1.075	0	949
Overføringer til steg 3	-3	-66	1.098	1.029
Endringer som følge av nye eller økte utlån	166	15	0	181
Utlån som er fraregnet i perioden	-177	-149	-2.031	-2.357
Konstaterte tap				0
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-55	-153	178	-30
Andre justeringer	163	183	76	421
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 30.09.2022	789	1.705	2.825	5.319
30.09.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	521.354	76.842	10.762	608.958
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	27.066	-27.066	0	0
Overføringer til steg 2	-75.573	75.573	0	0
Overføringer til steg 3	-2.990	-2.850	5.840	0
Nye utlån utbetalt	90.827	14.415	0	105.242
Utlån som er fraregnet i perioden	-51.201	-16.817	-4.243	-72.261
Konstaterte tap				-588
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 30.09.2022	509.483	120.097	11.771	641.350

30.09.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2022	75	111	77	263
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	1	-8	0	-7
Overføringer til steg 2	-41	36	0	-4
Overføringer til steg 3	0	0	112	112
Endringer som følge av nye eller økte ubenyttede kreditter og garantier	73	9	3	85
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i perioden	-9	-39	0	-49
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-15	-11	0	-26
Andre justeringer	19	18	-76	-39
Nedskrivninger pr. 30.09.2022	102	117	116	335

30.09.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2022	131.337	39.064	619	171.020
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	920	-920	0	0
Overføringer til steg 2	-8.133	8.133	-150	-150
Overføringer til steg 3	0	-150	150	0
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	38.612	1.753	0	40.365
Engasjement som er fraregnet i perioden	-17.999	-13.587	-33	-31.618
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.09.2022	144.737	34.294	586	179.617

Nedskrivninger i steg 3 på utlån og garantier	30.09.2022	30.09.2021
Nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	4.924	1.198
Økte nedskrivninger i perioden	248	44
Nye nedskrivninger i perioden	1.337	2.682
Tilbakeføring av nedskrivninger fra tidligere perioder	-406	-300
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-2.158	-548
Nedskrivninger steg 3 ved slutten av perioden	3.946	3.076

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-980	1.877	3.718
Endring i perioden i steg 3 på garantier	0	-6	-18
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2	1.285	-1.012	-1.254
Konstaterte tap i perioden, der det tidligere er foretatt nedskrivninger i steg 3	2.802	73	1.202
Konstaterte tap i perioden, der det ikke er foretatt nedskrivninger i steg 3	0	1.202	74
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-33	-60	-60
Periodens renter på lån med tapsavsetning	-113	-32	-60
Tapskostnader i perioden	2.961	2.042	3.602

NOTE 8 – Segmentinformasjon

RESULTAT	3. kvartal 2022				3. kvartal 2021				2021			
	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	34.944	12.018		46.962	29.640	8.271		37.911	40.407	11.422		51.829
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			4.794	4.794			2.453	2.453			2.870	2.870
Netto provisjonsinntekter			13.857	13.857			13.417	13.417			19.198	19.198
Inntekter verdipapirer			-1.754	-1.754			-186	-186			965	965
Andre inntekter			436	436			454	454			606	606
Sum andre driftsinntekter	0	0	17.333	17.333	0	0	16.138	16.138	0	0	23.639	23.639
Lønn og andre personalkostnader			17.214	17.214			14.594	14.594			20.086	20.086
Avskrivninger på driftsmidler			1.156	1.156			1.395	1.395			1.830	1.830
Andre driftskostnader			14.994	14.994			13.500	13.500			19.409	19.409
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	33.364	33.364	0	0	29.489	29.489	0	0	41.325	41.325
Tap på utlån	39	-2.999		-2.960	-824	-1.218		-2.042	-1.073	-2.529		-3.602
Gevinst aksjer				0				0				0
Driftsresultat før skatt	34.905	15.018	-16.030	27.971	28.816	7.053	-13.352	22.517	39.333	8.893	-17.686	30.541
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Utlån og fordringer på kunder	2.294.022	636.031		2.930.053	2.068.477	577.036		2.645.513	2.070.356	603.446		2.673.802
Innskudd fra kunder	1.909.706	540.985		2.450.692	1.607.096	507.680		2.114.776	1.658.032	512.258		2.170.290

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkunder som blir fulgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmerket. Etter banken sin vurdering, ligg det ikkje føre vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som går inn i hovudmerketene til banken.

Banken opererer i et geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsmasjon.

NOTE 9 – Verdipapir

30.09.2022				Sum
Verdsettshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		276.957		276.957
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet		-	10.469	10.469
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			88.754	88.754
Sum	-	276.957	99.223	376.181

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	56.250	10.354
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		115
Urealisert gevinst/tap ført over andre inntekter og kostnader	2.581	
Investering	29.923	
Salg		
Utgående balanse	88.754	10.469

Verkeleg verdimåling og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå tyder verdsettingsmetoden som er nytta for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut fra kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleda frå kvoterte prisar, eller marknadsverdiar.

Nivå 3 er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verdivurdering av dei einskilde selskapa i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verdivurdering blir halden opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsettingskurs, sett i høve av banken sine egne vurderingar av hendingar frem til balansedagen.

30.09.2021				Sum
Verdsettshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		266.600		266.600
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet		53	10.255	10.308
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			54.634	54.634
Sum	-	266.653	64.889	331.542

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	46.952	28.357
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		(92)
Urealisert gevinst/tap ført over andre inntekter og kostnader	(377)	
Investering	8.059	185
Salg		(18.194)
Utgående balanse	54.634	10.255

NOTE 10 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneoptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010791403	26.04.2017	26.04.2021	50.000				3m Nibor + 95 bp
NO0010797517	15.06.2017	15.06.2022	50.000		50.035	50.043	3m Nibor + 104 bp
NO0010808637	18.10.2017	18.10.2021	50.000		50.132		3m Nibor + 98 bp
NO0010850373	23.04.2019	23.04.2024	50.000	50.295	50.112	50.156	3m Nibor + 87 bp
NO0010867419	01.11.2019	01.11.2023	50.000	50.249	50.089	50.124	3m Nibor + 70 bp
NO0010932528	18.02.2021	08.05.2026	50.000	50.180	50.065	50.090	3m Nibor + 70 bp
NO0011025751	11.06.2021	11.06.2025	50.000	50.096	50.031	50.040	3m Nibor + 56 bp
NO0011125577	13.10.2021	13.10.2026	50.000	50.266		50.143	3m Nibor + 64 bp
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer				251.086	300.464	300.597	

Lånetype/ISIN	Låneoptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021	
Ansvarlig lånekapital							
NO0010891666	24.08.2020	28.08.2030	40.000	40.162	40.087	40.105	3m Nibor + 185 bp
Sum ansvarlig lånekapital				40.162	40.087	40.105	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse
	31.12.2021				30.09.2022
Obligasjongjeld	300.597	0	-50.000	489	251.086
Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	300.597	0	-50.000	489	251.086
Ansvarlige lån	40.105	0	0	57	40.162
Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner	40.105	0	0	57	40.162

NOTE 11 – Kapitaldekning

	3. kvartal	3. kvartal	Året
	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Egenkapitalbevis	0	0	0
Overkursfond	0	0	0
Sparebankens fond	347.330	326.542	349.357
Gavefond	0	0	0
Utevningsfond	0	0	0
Fond for urealiserte gevinster	10.485	9.483	8.681
Sum egenkapital	357.815	336.025	358.038
Fradrag for forsvarlig verdsetting	-376	-332	-321
Immaterielle eiendeler	0	0	0
Fradrag i ren kjernekapital	-56.981	-28.644	-28.104
Ren kjernekapital	300.457	307.049	329.613
Fondsobligasjoner	40.000	0	0
Fradrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	340.457	307.049	329.613
Ansvarlig lånekapital	40.000	40.000	40.000
Fradrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	40.000	40.000	40.000
	0	0	
Netto ansvarlig kapital	380.457	347.049	369.613

	30.09.2022	30.09.2021	31.12.2021
Eksponeeringskategori (vektet verdi)			
Stater	0	0	0
Lokal regional myndighet	13.776	7.819	9.816
Offentlig eide foretak	0	0	0
Institusjoner	2.142	2.903	1.501
Foretak	105.713	93.325	109.702
Massemarked	169.680	0	0
Pantsikkerhet eiendom	1.127.675	1.181.781	1.201.817
Forfalte engasjementer	23.706	30.820	27.610
Høyrisiko engasjementer	17.267	21.106	20.466
Obligasjoner med fortrinnsrett	17.010	18.228	16.703
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	754	322	3.511
Andeler verdipapirfond	0	0	0
Egenkapitalposisjoner	44.372	42.089	44.340
Øvrige engasjementer	30.752	94.503	82.877
CVA-tillegg	375	7	3
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.553.222	1.492.904	1.518.347
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	132.767	121.695	132.767
Beregningsgrunnlag	1.685.989	1.614.599	1.651.114
Kapitaldekning i %	22,57 %	21,49 %	22,39 %
Kjernekapitaldekning	20,19 %	19,02 %	19,96 %
Ren kjernekapitaldekning i %	17,82 %	19,02 %	19,96 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	9,84 %	10,12 %	10,27 %

NOTE 11 – Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore hendingar etter utløpet av perioda som har ført til justeringar av, eller tilleggssopplysningar i rekneskapen eller i noter til rekneskapen.